

Revysjef også frå Uskedalen

19.11.2012

Det er premiere på russerevyen i Kulturhuset på Husnes torsdag og også ei framsyning laurdag kveld. Revyen har 3 sjefar og ein av dei er frå Uskedalen - det er Synnøve Bringedal. Dei 2 andre er Sebastian Lamberg Torjusen frå Rosendal og Amalie Fjell Helleland frå Omvikdalen. Omkring 30 russ er med på og bak scena i revyen heiter **Den nakne sanninga. Dei karakteriserer seg sjølve som ein ganske kreativ og oppfinnsom gjeng. Åkomma på sketsjar har difor gått greitt.**

Ideen til titelen kom frå ei sak om nakenfotball i parkeringshuset på Storsenteret som var trykt i Kvinnheringen. Og i revyen vil det bli avslørt ting som folk kanskje ikkje er klar over, Det er også dans, song og film og russen lovar noko for alle. Det vert ingen kopiering av tidlegare revyar, men berre eigenprodusert materiale.